



VOLDA KOMMUNE
Avdeling for dokumentasjon og service

Klima- og Miljødepartementet
Postboks 8013 DEP
0030 OSLO

Vår referanse
20/2983 20/7498

Din referanse

Sakshandsamar
Sonja Håvik

Dato
29.04.2020

Høyrings svar på olivinskog som utvald naturtype

Formannskapet har i møte 28.04.2020, sak 85/20, fatta følgjande vedtak:

Volda kommune reagerer på at verken skogeigarane som eig olivinskogen eller kommunen som sakshandsamingsinstans ved meldepliktige skogtiltak ikkje fekk tilsendt informasjon om høyringa.

På bakgrunn av saksutgreiinga og dei store konsekvensane det vil innebære for lokalt næringsliv og båtbyggjartradisjon i Bjørkedalen, ber Volda kommune på det sterkaste om at olivinskog ikkje blir ein utvald naturtype.

Med helsing

Sonja Håvik
førstekonsulent

Dokumenter er elektronisk godkjent og har derfor ikkje signatur

Mottakar
Klima- og
Miljødepartementet

Postboks 8013 DEP

0030

OSLO

Kopi til
Peder Magnus Magnussen



Volda kommune

Vår referanse: 20/2983 20/6797

Saksbehandlar: Peder Magnus
Magnussen

Dato: 17.04.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
85/20	Formannskapet	28.04.2020

Høyringsvar på olivinskog som utvald naturtype

Samandrag:

Formannskapet 28.04.2020:

Behandling:

Røysting (9 røysteføre):

Tilrådinga frå kommunedirektøren fekk 8 røyster og vart vedteken, Øyvind Festø (MDG) røysta mot.

FSK- 85/20 Vedtak:

Volda kommune reagerer på at verken skogeigarane som eig olivinskogen eller kommunen som sakshandsamingsinstans ved meldepliktige skogtiltak ikkje fekk tilsendt informasjon om høyringa.

På bakgrunn av saksutgreiinga og dei store konsekvensane det vil innebære for lokalt næringsliv og båtbyggjartradisjon i Bjørkedalen, ber Volda kommune på det sterkaste om at olivinskog ikkje blir ein utvald naturtype.

Kommunedirektøren si tilråding:

Volda kommune reagerer på at verken skogeigarane som eig olivinskogen eller kommunen som sakshandsamingsinstans ved meldepliktige skogtiltak ikkje fekk tilsendt informasjon om høyringa.

På bakgrunn av saksutgreiinga og dei store konsekvensane det vil innebære for lokalt næringsliv og båtbyggjartradisjon i Bjørkedalen, ber Volda kommune på det sterkaste om at olivinskog ikkje blir ein utvald naturtype.

Saksopplysningar:

Klima- og miljødepartementet sendte 06. februar utkast til forskrift om elfenbenslav som prioritert art med økologisk funksjonsområde og utkast til endring av forskrift om utvald naturtype etter naturmangfoldloven på høyring. Forslaget inneber at olivinskog gjerast til utvald naturtype.

Høyringa ligg på www.regjeringa.no.

Høyringsfristen er torsdag 30. april 2020.

Store deler av olivenskogen som i høyringa er foreslått at skal bli ein utvald naturtype er lokalisert i Bjørkedalen i Volda kommune. I Bjørkedalen har dei lang tradisjon for å drive skogbruk, heilt tilbake til 1500-talet har det vore gardssager og skogen er ein svært viktig del av ressursgrunnlaget for gardane i bygda.

Bjørkedalen har hatt ein heilt sentral posisjon som skogbygda og båtbyggjarbygda på Søre Sunnmøre og er viktig både når det gjeld lokal og regional historie. Her er framleis eit båtbyggjarmiljø som bør støttast og bevarast, siste 3-4 åra har båtbyggjarane omsett for fleire millionar kroner basert på olivinskogen. Siste store byggverket var det 30 meter lange Myklebustskipet på Nordfjordeid. Det er mogleg at klinkbåtbygging kjem på Unesco si verdsarvliste (nominert). At råstoffet (skogen) er disponibelt for skogeigarane er avgjerande i denne samanhengen.

Bjørkedalen har eget skogeigarlag som vart skipa i 1964 og var av blant dei fyrste på Sunnmøre.

Vurdering og konklusjon:

Kommunen reagerer på at verken skogeigarane som eig olivinskogen eller kommunen som blir ev. saksbehandlar ved meldepliktige skogtiltak ikkje fekk tilsendt informasjon om høyringa.

Høyringa er uklar på fleire punkt. Konsekvensane med ein slik naturtype-status må klarleggjast. Skogeigarar anar ikkje kva dei eventuelle skjøtselsplanane vil innebære, verken praktisk eller økonomisk. Det står blant anna «*I tilrådingen fra Miljødirektoratet av 14.12.2018 anbefales en kombinasjon av sikring av noen lokaliteter, skjøtselsplaner for noen lokaliteter, samt økt kartlegging*», men ikkje kva for områder dette gjeld.

Det er vanskeleg å sjå kva ein oppnå med å gjere desse skogareala til ein utvald naturtype, som det synes vanskeleg å avgrense. I heile Volda kommune blir det i løpet av kort tid nye skogbruksplanar med miljøregistrering som vil syte for dei naudsynte omsyn.

Frå høyringa står det «*Det legges ikke opp til et beskyttelsesnivå som innebærer at pågående næringsvirksomhet må opphøre eller bli vesentlig vanskeliggjort*». At råstoffet er disponibelt for skogeigarane er truleg avgjerande for at båtbyggingstradisjonen skal halde fram.

Skogen på Bjørkedal er ikkje naturskog men kulturskog som er eksemplarisk skjøtta av skogeigarane i alle år, og slik ein ser han i dag eit resultat av drifta som har vore her gjennom generasjonar. Mykje tyder på at den aktive skogsdrifta har vore viktig for artsmangfoldet i desse skogområda. Det er allereie investert mykje i eit ganske omfattande vegnett i Bjørkedalen, dette for å kunne drive skogen og

hauste av den fornybare ressursen.

Dersom skogeigarane nå skal miste råderetten over eigen skog og det innførast meldeplikt kan det få store konsekvensar både for den historiske båtbygginga, aktiviteten i skogane på Bjørkedalen, bygda og det «grøne skifte» kor bruk av tre som råstoff ser ut til å verte svært viktig også i framtida. Redusert aktivitet kan også vere negativt for olivinskogen, som må ha ein viss skjøtsel for å oppretthaldast.

Utskrift av endeleg vedtak:

Rune Sjurgard
kommunedirektør